



Ål kommune

Arkivsak-dok. 17/00526-1  
Saksbehandler Øystein Lappgard

Saksgang  
Sektorutval for helse og omsorg  
Kommunestyret

## **FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM I ÅL KOMMUNE**

### **Saka vert avgjort av:**

Kommunestyret

### **Vedlegg:**

Framlegg til Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Ål kommune

### **Dokument i saka:**

Ingen

### **Saksopplysningar:**

Stortinget vedtok 9. juni 2016 ei endring av Pasient- og brukerrettigheitslova og Helse- og omsorgstenestelova med ei tydeliggjering av retten til sjukeheims plass eller opphold i sjukeheim og tilsvarende bustad for heildøgns omsorg. Lovendringa fører til at kommunane må utarbeide ei lokal forskrift som skal vera vedteken i løpet av 2017.

Hallinghelse tok initiativ til eit felles førebuingsarbeid for kommunane i Hallingdal der ein fekk hjelp av RO-senteret (Ressurssenter for omstilling i kommunane). Gjennom eit arbeidsseminar utarbeidde representantar frå alle kommunane i Hallingdal eit framlegg til ein felles mal for dei lokale forskriftene i Hallingdal. Fordi strukturen i omsorgstenestene er noko ulik frå kommune til kommune, vil denne malen likevel måtte tilpassast i kvar kommune. Det vedlagte framlegget til forskrift for Ål kommune, har såleis lagt malen til grunn og tilpassa denne til strukturen i omsorgstenestene i Ål.

Sektorleiinga i Ål har vurdert det slik at Ål ikkje har omsorgsbustader med heildøgns omsorg som er tilsvarende tilbodet i sjukeheimen. RO-senteret var tydeleg i si rådgjeving på at eit slikt tilbod måtte ha same medisinske tilbod og same tidsramme for hjelp frå personalet som det sjukeheimen hadde. Kommunalsjefen har derfor konkludert med at ei lokal forskrift for Ål berre vil gjelde langtidsopphald ved sjukeheimen.

Framlegget til forskrift om tildeling av langtidsopphold i sjukeheim i Ål kommune er lagt ut til offentleg høyring etter reglane i Forvaltningslova. Vidare er saka sendt til Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for uttale.

**Forhold til overordna plan:**

Skriv inn forhold til overordna plan her

**Miljøkonsekvenser:**

Ingen

**Helse-/miljø og beredskapstilhøve:**

Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**

Forskrifta vil ikkje ha økonomiske konsekvensar.

**Vurdering:**

Det er regjeringa som har pålagt kommunane å utarbeide kommunale forskrifter om retten til sjukeheimslass eller opphold i sjukeheim og tilsvarande bustad for heildøgns omsorg. Grunngjevinga er dels at dette vil tydeleggjera retten til sjukeheimslass, dels så vil ein oppnå å få ei oversikt over kor mange personar som står på venteliste for sjukeheimslass i landet.

Innvendinga mot kravet om lokale forskrifter har vore at rett til sjukeheimslass allereie er dekka i eksisterande regelverk og at lokale forskrifter ikkje endrar på det noverande kravet til helse- og omsorgstenesta om å yte forsvarlege og nødvendige helsetenester. Ein har dessutan vore redd for at ordet «venteliste» gjev falske forhåpningar til pasientar ved at desse trur at ei venteliste vil verke slik at ein stadig vil rykke oppover på lista. Slik vil det ikkje vera. Kommunen må ved ledig sjukeheimslass tildele denne til dei pasientane som har størst samla behov, uavhengig av om desse står på ventelista eller kva for plass dei står på ei venteliste.

I Ål kommune er det Tildelingsteamet som består av avdelingsleiarane i omsorgstenestene, sjukeheimslegen og kommunalsjefen, som gjer dei samanliknande vurderingane av behov og som tildeler sjukeheimslass. Det vil også vera Tildelingsteamet som tildeler kompenserande hjelpetiltak til pasientar som vert vurdert til å ha rett på sjukeheimslass men som vert ståande på ei venteliste i påvente av ledig plass. Vedtak i tildelingsteamet er å sjå som enkeltvedtak med klagerett til partane i samsvar med Pasient- og brukarrettighetslova kap. 7. Klageinstans er Fylkesmannen dersom ein lokalt etter ei ny vurdering ikkje gjer om på eit vedtak.

Representantane for dei ulike kommunane i Hallingdal som var samla på arbeidsseminaret om lokale forskrifter, var samstemte i at det vil vera ein fordel for Hallingdalskommunane å kunne legge den same malen til grunn for dei lokale forskriftene. Særleg gjeld det ordlyden i § 4 og § 6.

**Rådmannen si innstilling:**

Ål kommunestyre vedtek «Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Ål kommune» og ber administrasjonen leggje denne til grunn for arbeidet vidare.

**Underskrift**

Tone Tveito Eidnes  
Rådmann

Karsten Dideriksen  
kommunalsjef helse og omsorg